

Festidalen-artist får kjempekritikkar i England!

24.06.2012



Festidalen med kjempe-booking!

**Det kan sjå ut som om Festidalen verkeleg har skote gullfuglen då dei booka relativt ukjende Mikhael Paskalev. No om dagen får han storskryt frå England, og den relativt uetablerte artisten vert spådd ei lysande framtid.**

Toneangivande The Guardian har forelska seg heilt i Paskalev sin låt «Jive Baby» som avisa sin anmeldar Paul Lester meiner kan bli den store sommerhiten i England dette året.

Lester meiner Paskalev sin låt er full av catchy småtriks - eller gimmicks - som pop-elskande britar vil falle fullstendig for.

Trass i dette er Lester vel så begeistra for Paskalev sin andre Englandsklare låt, 'I Spy'. The Guardian konkluderer med at Mikhael Paskalev «Kan godt være det neste store fra Norge etter a-ha og Annie, om ikke Bernhoft rekker det før han».

Verkeleg kjekt at denne spennande artisten inngår i Festidalen-programmet.

Av: Thor Inge Døssland.